



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Sissel Storebø, +47 55572317

Vår dato
07.03.2017
Dykkar dato

Vår referanse
2016/9628 461.3
Dykkar referanse

Osterøy kommune
Rådhuset
5282 Lonevåg

Løyve til verksemd etter forureiningslova for Daltveit Vassbehandlingsanlegg

Fylkesmannen har gitt Osterøy kommune, Daltveit Vassbehandlingsanlegg nytt løyve til verksemd etter forureiningslova.

Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. §§ 16 og erstattar løyve av 25. juni 1999.

Gjeldande løyve for utslepp av avløpsvatn frå Daltveit Vassbehandlingsanlegg er frå 25. juni 1999. Fylkesmannen har revidert dette løyve og gitt nytt løyve som forureiningsstyresmakt etter forureiningslova.

Fylkesmannen gjev løyve på visse vilkår. Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og følgjer vedlagt. Fylkesmannen har ved avgjerda vurdert forureininga frå tiltaket opp mot fordelane og ulempene som tiltaket dessutan vil føre til. Ved fastsetjing av vilkåra har Fylkesmannen lagt til grunn kva som er mogleg å oppnå ved bruk av beste tilgjengelege teknikkar.

Dei utsleppa som vi reknar med har størst verknad på miljøet, har vi regulert gjennom særlege vilkår i løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet i den grad opplysningar om slike utslepp vart framlagt under sakshandsaminga eller på annan måte må reknast å ha vore kjent då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff oppført i vedlegg 1.

Vi vil understreke at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette utsleppsgrensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er sett grenser for gjennom særskilde vilkår.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova, produktkontrolllova og forskrifter som er heimla i desse lovene. Nokre av forskriftene er nemnt i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til Miljødirektoratet sine heimesider, www.miljodirektoratet.no og www.regelhjelp.no.

Saksframstilling og grunngjeving

Gjeldande utsleppsløyve for verksemda er datert 25. juni 1999 og er ikkje i samsvar med dagens kravstilling. I samsvar med forureiningslova § 18 3. ledd kan forureiningsmyndigheita endre løyvet når det er gått 10 år etter at det er blitt gjeve. Fylkesmannen var på tilsyn hos Daltveit Vassbehandling 17. august 2016 der revisjon av utsleppsløyve vart diskutert.

Anlegget, som ble bygd i 2000, blei i 2010 utvida med nye og fleire membranar, og med auka kapasitet frå 23 til 33 l/s.

Anlegget har eksistert i fleire år utan at Fylkesmannen har mottatt klagar frå naboar. Dersom anlegget vert drive godt, vert produksjonen ved verksemda ikkje vurdert til å medføre noko ulempe for resipienten Daltveitelva eller nærmiljø.

Produksjonsforhold

Daltveit Vassbehandlingsanlegg er eit membranlegg for fjerning av humus med tilsetning av silikat (vassglas) for pH-justering. Membranane vert reinsa dagleg. Både vaskevatt og det filtrerte konsentratet (humus) vert sloppe ut jamleg til Daltveitelva frå ein utjamningstank.

Anlegget er dimensjonert for ein drikkevassproduksjon på 33 l/s og har i dag ein produksjon på 20 l/s. Løyvet omfattar følgjande utslepp av prosessvatn til Daltveitelva:

Direkte utslepp:

- konsentratvatn frå membranfilteranlegget
 - konsentrert råvatn som inneheld humus
 - gjennomsnittleg mengde konsentratvatn 700 m³/d over 23 t/d
- skyljevatn etter dagleg rengjering av membranfilter
 - skyljevatn om lag 94 m³/1 time – 34 216 m³/år
- skyljevatn frå årleg reingjering av membranfilter
 - skyljevatn om lag 300 m³/år over 2,5 timar

Via utjamningstank:

- vaskevatt frå dagleg reingjering av membranfilter
 - 10 m³ /d over om lag 10 minuttar fordelt til elv over 22 timar

Transporterast til godkjent stad for vidare handtering:

- vaskevatt frå årleg reingjering av membranfilter
 - 10 m³/år over 1 døgn (hovudvask)

Vurdering av vasskvaliteten i Daltveitelva

Daltveitelva er ikkje oppført som eigen vassførekomst i Vann-nett, men høyrer til «Sørfjorden Bekkefelt ved Valestrandsfossen», vassførekomst 060-63-R. Data frå Vann-nett synar «antatt god økologisk tilstand» og udefinert kjemisk tilstand. Påverknadsgraden er satt til « liten grad».

Rådgivende Biologer AS har gjennomført ei gransking i Daltveitelva ovanfor og nedanfor utsleppet frå Daltveit Vassbehandlingsanlegg, jf. rapport RB 2347 *Miljøtilstand 2016 i Daltveitelva ved Daltveit Vannbehandlingsanlegg i Osterøy*.

Det er gjennomført ei visuell vurdering og ei biologisk gransking av tilgroing og botndyr i elva. Synfaring vart gjennomført i november 2016. Resultata er klassifisert i samsvar med vassforskrifta sin rettleiar 2:2013.

Daltveitelva er eit «lite Vestlandsvassdrag med sannsynlegvis svært kalkfattig og humøs vannkvalitet i skogbeltet» og har ein elvetype 14 etter Vassdirektivet. Vassdraget er svært bratt på strekninga forbi Daltveit Vassbehandlingsanlegg, og prøvene ovanfor vart teke om lag 500 meter ovanfor på nokre flate parti. Prøvepunktet nedanfor ligg om lag 50 meter nedanfor utsleppet, på noko flate parti i elva.

I følgje rapporten var Daltveitvassdraget ved synfaringa i 2016 samla sett i tilstand «god». Det var verken visuelle eller biologiske indikatorar på at utsleppet frå Daltveit Vassbehandlingsanlegg har særleg negativ påverknad på miljøtilstanden. Det var litt lågare botndyrindeks og fråvær av fleire begroingsalgar nedanfor utsleppet. Det blir konkludert med i rapporten at dette kan vere ein effekt av utsleppet, dersom dette mønsteret vil halde fram eller blir forsterka ved vidare overvaking.

Det er sett krav i løyvet om ny gransking av Daltveitelva seinast innan 2021. Granskinga bør vere basert på granskinga som vart gjennomført i 2016, jf. punkt 11 i løyvet.

Vurdering etter naturmangfaldlova

Søk i Naturbase og *Artsdatabanken* sitt *Artskart* synar at det ikkje er utvalde naturtypar eller rødlista artar i området. Kunnskapsgrunnlaget for avgjerda er granskinga som er gjort av Rådgivende Biologer AS i 2016. Grunnlaget blir vurdert som tilstrekkeleg, jf. naturmangfaldlova § 8.

Vi vurderer det til å vere liten risiko for at miljøet skal bli uakseptabelt negativt påverka av utsleppet til elva. Fylkesmannen vurderer tiltaket som tilstrekkeleg dokumentert, slik at føre-var-prinsippet ikkje blir gjeldande, jf. naturmangfaldlova § 9.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Ved etablering av vassreinseanlegg vil det alltid vere risiko for uønskte hendingar. Når det er oppstått, eller er fare for forureining, har kommunen ei tiltaksplikt. Det er kommunen sitt ansvar å sørge for at forureining ikkje skjer. Verksemda pliktar å ta i bruk miljøforvarlege teknikkar og driftsmetodar som er tilgjengelege i dag, jf. naturmangfaldlova § 12.

Risikoklasse

Verksemda er plassert i risikoklasse 4. Ved vurderinga har Fylkesmannen lagt vekt på dei faktiske utsleppa (type og storleik), potensialet for utslepp ved uhell og liknande, og resipienttilhøva på staden. Risikoklassen viser forureiningspotensialet for verksemda og kor ofte Fylkesmannen skal føre tilsyn med verksemda.

Det er 4 risikoklassar, der 1 er for høgaste risiko, medan 4 er for lågaste. Risikoklassen blir normalt fastsett når Fylkesmannen gjev løyve.

Gebyr

Fylkesmannen tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med utsleppsløyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gitt i forureiningsforskrifta kapittel 39. Vi har sett gebyrsats 5, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med nytt løyve. Gebyrsatsen er basert på ressursbruken til Fylkesmannen for å handsame saka. Verksemda skal betale 36 200 kroner i gebyr for nytt løyve. Miljødirektoratet vil sende faktura.

Ansvarstilhøve, tvangsmulkt og endring av vilkår

Osterøy kommune er ansvarleg for at verksemda vert drive i samsvar med løyvet. Løyvet frittek ikkje verksemda frå å hente inn løyve for andre sider av verksemda, som til dømes arbeidsmiljø, bygningstekniske tilhøve med vidare.

For å sikre at reglane i forureiningslova eller vilkåra i løyvet vert stetta, kan Fylkesmannen fastsetje tvangsmulkt til staten, jf. forureiningslova § 73.

Løyvet kan endrast i medhald av forureiningslova § 18. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein eventuell endringssøknad må difor ligge føre i god tid før verksemda ønskjer endringa gjennomført.

At vi har gjeve løyve til forureininga, fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79. Også brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrollova, og forskrifter fastsett i medhald av desse lovene, er straffbart.

Retten til å klage

Partane som er involvert i saka og andre med særlege interesser kan klage på vedtaket til Miljødirektoratet. Klagen skal sendast til Fylkesmannen innan tre veker frå de har fått dette brevet.

Ei eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Denne avgjerda kan ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ei eventuell klage skal vere grunnsett. Send klagen til Fylkesmannen i Hordaland innan tre veker.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette kan de få ved førespurnad til Fylkesmannen. Andre opplysningar om sakshandsamingsreglar og andre reglar av verknad for saka vil Fylkesmannen også kunne gje på førespurnad.

Med helsing

Britt Solheim
senioringenjør

Sissel Storebø
senioringenjør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.



Løyve til verksemd etter forureiningslova for Daltveit Vassbehandlingsanlegg

Fylkesmannen gjev med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 Osterøy kommune løyve til utslepp frå Daltveit Vassbehandlingsanlegg til Daltveitelva.

Løyvet gjeld frå dags dato. Dette løyvet erstattar følgjande løyve: *Osterøy kommune, Daltveit vassbehandlingsanlegg, løyve til utslepp av avløpsvatn frå reinseanlegget* datert 25. juni 1999.

Dersom kommunen ønskjer endringar utover det som vart opplyst under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig verknad, må verksemda på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan i medhald av forureiningslova § 18 oppheve eller endre vilkåra i løyvet.

Verksemdsdata

Verksemd	Osterøy kommune, sektor for miljø og teknikk - Daltveit Vassbehandlingsanlegg
Stad/Gateadresse	Rådhuset
Postadresse	5282 Lonevåg
Kommune og fylke	Osterøy i Hordaland fylke
Org.nummer (verksemd)	974 774 682
Gards- og bruksnummer	
Næringskode	84.130 Offentlig administrasjon tilknyttet nærings- virksomhet og arbeidsmarked

Referansane til Fylkesmannen

Løyvenummer	Anleggsnummer	Risikoklasse
2017.0166.T	1253.0070.01	4

Løyve gjeve: 7. mars 2017	Endringsnummer:	Sist endra:
 Britt Solheim senioringeniør	 Sissel Storebø senioringeniør	
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift</i>		

1 Rammer for verksemda

Løyvet gjeld forureining frå produksjon av drikkevatt. Løyvet gjeld for ein drikkevassproduksjon på 33 l/s.

Løyvet omfattar følgande utslepp av prosessvatn til Daltveitelva:

Direkte utslepp:

- konsentratvatn frå membranfilteranlegget
 - konsentrert råvatn som inneheld humus
 - gjennomsnittleg mengde konsentratvatn 700 m³/d over 23 t/d
- skyljevatt etter dagleg rengjering av membranfilter
 - skyljevatt om lag 94 m³/1 time – 34 216 m³/år
- skyljevatt frå årleg rengjering av membranfilter
 - skyljevatt om lag 300 m³/år over 2,5 timar

Via utjamningstank:

- vaskevatt frå dagleg rengjering av membranfilter
 - 10 m³ /d over om lag 10 minuttar fordelt til elv over 22 timar

Transporterast til godkjent stad for vidare handtering:

- vaskevatt frå årleg rengjering av membranfilter
 - 10 m³/år over 1 døgn (hovudvask)

Ved vesentlege endringar skal verksemda søkje om å endre løyvet, sjølv om utsleppa ligg innanfor dei fastsette grensene.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst miljømessig verknad, er uttrykkeleg regulert gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart framlagt i samband med sakshandsaminga eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte miljøgifter oppført i vedlegg 1. Utslepp av slike komponentar er berre omfatta av løyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra i løyvet eller dei er så små at dei må reknast for å vere utan miljømessig verknad.

2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som følgjer av normal drift i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, under dette utslepp til luft, vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp, under dette støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkeleg grenser for i vilkår i løyvet.

For produksjonsprosessar der utsleppa er proporsjonale med produksjonsmengd, skal ein eventuell reduksjon av produksjonsnivået som er lagt til grunn i samband med sakshandsaminga, føre til ein tilsvarande reduksjon i utsleppa.

2.4 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan verke inn på utsleppa. System/rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert, jf. internkontrollforskrifta § 5 punkt 7¹.

2.5 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det som følgje av unormale driftstilhøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, pliktar verksemda å setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren, under dette om nødvendig, å redusere eller innstille drifta.

Verksemda skal så snart som mogleg informere Fylkesmannen om unormale tilhøve som har eller kan få forureiningsmessige følgjer. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 10.4.

2.6 Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i samsvar med gjeldande forskrift². Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at verksemda held krav i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrollova og relevante forskrifter til desse lovene. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining, og skal kunne gjere greie for risikoen for forureining.

Det skal utarbeidast driftsinstruks og det skal førast driftsjournal for anlegget.

¹ Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

² Systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemder (Internkontrollforskrifta)

3 Utslepp til vatn

3.1 Kontinuerleg avløp frå prosessen kan førast til Daltveitelva.

3.2 Vaskevatnet frå membranfilteret (avløp ein gong pr. døgn) skal samlast opp i ein fordrøyningstank ved anlegget. Frå denne tanken skal vaskevatnet tømmast frå utjevningstanken til Daltveitelva i løpet av 23 timar. Før utslepp skal vaskevatnet blandast med konsentratavløpet frå reinseprosessen for fortynning. Det er ikkje tillate med utslepp av fritt klor i vaskevatnet frå dagleg reingjering av membranane eller frå andre delar av vassbehandlingsanlegget.

3.3 Vaskevatn frå årleg hovudreingjering av membranane skal ikkje førast til elva. Dette vaskevatn skal samlast opp og transporterast til godkjent mottak av denne typen avfall for vidare handtering.

3.4 Skyllvatn kan førast direkte til Daltveitelva.

3.5 Produsert vassmengde og konsentrat skal registrerast kontinuerleg.

3.6 Utsleppsstad for prosessavløp

Prosessavløpsvatnet skal førast ut i Daltveitelva på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg.

3.7 Overflatevatn

Avrenning av overflatevatn frå utearealet til verksemda skal handterast slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet.

3.8 Sanitæravløpsvatn

Verksemda skal leie sanitæravløpsvatnet sitt til tett tank.

3.9 Mudring

Dersom det som følgje av drifta til verksemda skulle vise seg å vere nødvendig med oppreinsking i elva, skal verksemda innhente nødvendig løyve frå forureiningsstyresmakta. Slik oppreinsking må verksemda koste sjølv.

4 Utslepp til luft

4.1 Utsleppsgrensar

Vi har ikkje sett spesifikke grenseverdier for utslepp til luft. Diffuse utslepp frå produksjonsprosessar, frå uteareal, lagerområde, område for lasting og lossing og reinseanlegg, som kan føre til fare for miljøet, skal reduserast mest mogleg.

5 Grunnforureining og forureina sediment

Verksemnda skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til nemneverdige skader eller ulemper for miljøet.

Verksemnda pliktar å halde kontinuerleg oversikt over eventuell eksisterande forureina grunn på verksemdsområdet og forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for granskingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk granskingar eller andre tiltak, skal Fylkesmannen varslast om dette.

Graving, mudring eller andre tiltak som kan påverke forureina grunn eller forureina sediment, må ha løyve etter forureiningslova, ev. godkjenning frå kommunen³ eller Fylkesmannen⁴.

6 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt i verksemnda, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal, til dømes groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel for å hindre brann.

For kjemikal som blir brukt på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal verksemnda dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøegenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon, jf. også punkt 2.6 om internkontroll.

Verksemnda pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Verksemnda skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som blir brukt, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytt til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet, skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar verksemnda å bruke desse så langt dette kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe.⁵

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillas og seljast, eller bli brukt utan at dei er i samsvar med krava i REACH-regelverket⁶ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

³ Forureiningsforskrifta kapittel 2 om opprydding i forureina grunn ved bygge- og gravearbeid

⁴ Forureiningsforskrifta kapittel 22 om mudring og dumping i sjø og vassdrag

⁵ Produktkontrollova § 3a

⁶ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og avgrensing av kjemikal (REACH)

7 Støy

Verksemnda sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje bryte følgjande grenser, målt eller rekna ut som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	Laurdagar	Sun- og heilagdag	Kveld (kl. 19–23), kvardagar	Natt (kl. 23–07), alle døgn	Natt (kl. 23–07), alle døgn
55 L _{den}	50 L _{den}	45 L _{evening}	50 L _{den}	45 L _{night}	60 L _{AFmax}

L_{den} er A-vega ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

L_{evening} er A-vega ekvivalent støynivå for kveldsperioden 19–23.

L_{night} er A-vega ekvivalent støynivå for nattperioden 23–07.

L_{AFmax} er A-vega maksimalnivå for dei 5–10 mest støyande hendingane innanfor perioden, målt/rekna ut med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemnda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå verksemnda si ordinære verksemd, inkludert intern transport på verksemdsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemnda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

8 Energi

8.1 Energileiing

Verksemnda skal ha eit system for energileiing i verksemnda for kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemnda, jf. punkt 2.6 og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

8.2 Utnytting av overskotsenergi

Verksemnda skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi frå eksisterande og nye anlegg internt. Verksemnda skal også gjennom tiltak på eige verksemdsområde leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne nyttast eksternt, med mindre verksemnda kan godtgjere at dette ikkje er teknisk eller økonomisk mogleg.

9 Avfall

9.1 Generelle krav

Verksemnda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av verksemnda. Særleg skal verksemnda prøve å avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Verksemnda pliktar å sørgje for at all handtering av avfall, under dette farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova, under dette avfallsforskrifta⁷.

Avfall som oppstår i verksemnda, skal verksemnda prøve å bruke på nytt i produksjonen sin eller i andre sin produksjon, eller – for brennbart avfall – prøve å utnytte det til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må likevel skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller i medhald av forureiningslova og krav fastsett i dette løyvet.

10 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

10.1 Miljørisikoanalyse

Verksemnda skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse av verksemnda si. Verksemnda skal vurdere resultata med tanke på akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggjast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle tilhøve ved verksemnda som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på område til verksemnda eller utanfor. Ved modifikasjonar og endra produksjonstilhøve skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Verksemnda skal ha oversikt over miljøressursar som kan bli råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

10.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemnda setje i verk risikoreduserande tiltak. Både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Verksemnda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

10.3 Etablering av beredskap

Verksemnda skal, på bakgrunn av miljørisikoanalysen og dei risikoreduserande tiltaka som er sette i verk, om nødvendig, etablere og vedlikehalde ein beredskap mot akutt forureining. Beredskapen skal vere tilpassa den miljøriskoen som verksemnda til ei kvar tid representerer.

10.4 Varsling om akutt forureining

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift⁸. Verksemnda skal også så snart som mogeleg varsle Fylkesmannen gjennom fmhpostmottak@fylkesmannen.no i slike tilfelle.

⁷ Forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall

⁸ Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining

10.5 Rapportering som gjeld kravet om beredskap

Fylkesmannen føreset at verksemda kan leggje fram meir utfyllande dokumentasjon, til dømes ved tilsyn, om verksemda sine aktivitetar knytt til miljørisikoanalysen, dei førebyggjande tiltaka og beredskapen.

11 Overvaking av resipient og rapportering til Fylkesmannen

Osterøy kommune må sørge for overvaking av effektar av utsleppa til Daltveitelva. Ny gransking skal gjennomførast seinast innan 31. desember 2021.

Data som blir skaffa ved overvaking i vatn, inklusiv sediment og biota, skal registrerast i databasen *Vannmiljø*. Data skal leverast på *Vannmiljø* sitt importformat, som er å finne på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>. Her finst også oversikt over kva for informasjon som skal registrerast i samsvar med *Vannmiljø* sitt kodeverk.

Verksemda skal sørge for at resultatata frå overvåkninga blir faglig vurdert, og varsle Fylkesmannen dersom overvåkninga viser at det er fare for endring av økologisk og kjemisk tilstand i bekken.

Der det går føre seg overvaking i regi av Fylkesmannen eller vassregionstyresmakt må Osterøy kommune bidra i felles overvåkingsprogram med data for dei kvalitetselementa i vassførekomsten som kan vere direkte eller indirekte påverka av verksemda sine utslepp.

Resultata frå granskinga skal sendast Fylkesmannen.

12 Utskifting av utstyr

Viss verksemda skal gjere utskifting av utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke forureining på ein vesentleg betre måte enn då løyvet vart gjeve, skal Fylkesmannen på førehand få melding om dette.

Ved all utskifting av utstyr skal verksemda nytte dei beste tilgjengelege teknikkane for å motverke forureining.

13 Eigarskifte

Viss verksemda blir overdratt til ny eigar, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen så snart som mogleg og seinast ein månad etter eigarskiftet.

14 Nedlegging

Viss eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for ein lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke fare for forureining. Viss anlegget eller verksemda kan føre til forureining etter nedlegginga eller driftsstansen, skal verksemda i rimelig tid på førehand gje melding til Fylkesmannen.

Fylkesmannen kan fastsetje nærare kva for tiltak som er nødvendig for å motverke forureining. Fylkesmannen kan påleggje eigaren eller brukaren å stille garanti for dekning av framtidige utgifter og mogleg erstatningsansvar.

Ved nedlegging eller stans skal verksemda sørgje for at råvarer, hjelpestoff, halvfabrikat eller ferdig vare, produksjonsutstyr og avfall blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift⁹. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal verksemda rapportere til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal også innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalrestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd skal den ansvarlege sørgje for at driftsstaden blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

Viss verksemda ønskjer å starte drifta på nytt, skal verksemda gje melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

15 Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for forureiningsstyresmakta eller dei som har mynde, føre tilsyn med anlegget til ei kvar tid.

⁹ Avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall

VEDLEGG 1

Liste over prioriterte miljøgifter, jf. punkt 2.1.

Utslipp av disse komponenter er bare omfattet av tillatelsen dersom dette framgår uttrykkelig av vilkårene i pkt. 3 flg. eller de er så små at de må anses å være uten miljømessig betydning

Metaller og metallforbindelser:

	Forkortelser
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelser:

Bromerte flammehemmere:	Vanlige forkortelser
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4' isopropyliden difenol)	TBBPA

Klorerte organiske forbindelser	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ - C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ - C ₁₃)	SCCP
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ - C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ - C ₁₇)	MCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Triklorbenzen	TCB
Tetrakloreten	PER
Trikloretan	TRI
Trikloran (2,4,4'-Triklor-2'-hydroksydifenyleter)	TCS
Tris(2-kloretyl)fosfat	TCEP

Enkelte tensider:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC

Alkylfenoler og alkylfenoletoksyler:	
Nonylfenol og nonylfenoletoksyler	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksyler	OF, OP, OFE, OPE
Dodecylfenol m. isomerer	DDP
2,4,6 tri-tert-butylfenol	TTB-fenol

Per- og polyfluorerte alkylforbindelser (PFAS)	
Perfluoroktansulfonat (PFOS) og forbindelser som inneholder PFOS	PFOS, PFOS-relaterte forbindelser

Perfluorheksansulfonsyre (PFHxS) og forbindelser som inneholder PFHxS	PFHxS, PFHxS-relaterte forbindelser
Langkjedete perfluoreerte karboksylsyrer	
Perfluoroktansyre	PFOA
C9-PFCA - C14-PFCA	PFNA, PFDA, PFUnDA, PFDoDA, PFTTrDA, PFTeDA
Tinnorganiske forbindelser:	
Tributyltinnforbindelser	TBT
Trifenyltinnforbindelser	TFT, TPT
Dibutyltinnforbindelser	DBT
Dioktyltinnforbindelser	DOT
Polisykliske aromatiske hydrokarboner	PAH
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Bisfenol A	BPA
Siloksaner	
Dekametylsyklopentasiloksan	D5
Oktametylsyktotetrasiloksan	D4
Benzotriazolbaserte UV-filtre	
2-Benzotriazol-2-yl-4,6-di-tert-butylphenol	UV-320
2,4-di-tert-butyl-6-(5-chlorobenzotriazol-2-yl)phenol	UV-327
2-(2H-benzotriazol-2-yl)-4,6-ditertpentylphenol	UV-328
2-(2H-Benzotriazol-2-yl)-4-(tert-butyl)-6-(sec-butyl)phenol	UV-350